

# BJØRNAFJORDEN

2019 - 2023



Senterpartiet

**Senterpartiet vil byggja samfunnet nedanfrå. Me kjempar for eit samfunn med frie, sjølvstendige menneske som tek ansvar for eige liv, fellesskapet, naturen og miljøet.**

Senterpartiet arbeider for å laga den gode kommunen, med gode nærmiljø i bygdene. Bygder med arbeidsplassar, landbruk, barnehagar, skule, handel og møteplassar. Nye innbyggjarar, uansett kvar dei kjem frå, må takast vel imot.

**SP vil i valperioden 2019 – 2023 arbeida for dette:**

## **PLANLEGGING**

- balansert og berekraftig vekst i heile kommunen
- tilgjengelege bustadtomter i bygdene
- å styrkja Eikelandsosen og Osøyro som kommunesenter
- differensiert strandsonopolitikk med tilgang til sjø for alle
- gjera det lettare for frivillig sektor å påverka planarbeid
- sikra areal til offentlege føremål

## **SAMFERDSLE OG INFRASTRUKTUR**

- prioritera born når det gjeld trafikktryggleik
- ferjefritt samband, gul stripe og sykkelveg Fusa - Os
- betre kollektivtilbod med fleire buss- og ferje-avgangar
- god infrastruktur med veg, fiber og 5G
- snøggbåtsamband mellom Nordtveitgrend og Osøyro
- prioritert plan for fotgjengarfelt, gang- og sykkelveg
- tunell mellom Eikelandsosen og Sævareid
- realisering av Hordalandsdiagonalen og indre kyststamveg
- realisering av fylkesvegarmar Åsen - Helleskaret og Hildershavn - Drange

## **MATPRODUKSJON**

- sterkt vern av jordbruksareal
- jordbruksareal skal nyttast til matproduksjon
- støtta opp om gardsturisme og matkultur
- betre forvaltning av hjorte- og grågåsbstanden
- oppretthalde kulturlandskapet ved aktiv drift
- ei berekraftig oppdrettsnæring

## KLIMA OG MILJØ

- leggja til rette for småskala sol-, vind- og vasskraft
- fossilfri bilpark og karbonnøytral drift av kommunen
- beredskap og arealplanlegging som tek høgde for klimautfordringane
- å vektleggja biologisk mangfald og landskapsverdiar i samfunnsplanlegginga
- samanhengande grøntområde må vernast til kommande generasjonar

## NÆRINGS LIV

- ein attraktiv kommune for bedrifter og gründerar som ynskjer å etablera seg
- tilgjengeleg areal til variert næring i heile kommunen
- realisering av Samnøy industriområde og Lyseparken
- å støtta opp om lokal næring
- å halda store næringsaktørar i kommunen

## HELSE OG OMSORG

- å oppretthalda ØHD (Øyeblikkeleg hjelp døgneining) på begge sider av fjorden
- å oppretthalda legevakttilbodet på begge sider av fjorden
- styrkja og utvida psykologtenesta til heile kommunen
- fleire avlastingsplassar for demente
- auka tilskot til Frivilligsentralen
- god heimebasert omsorg med velferdsteknologi der dei som ynskjer kan bu lengst mogeleg heime
- kjøkken på Luranetunet
- oppretthalda og utvikla tenestetilbodet ved institusjonane

## OPPVEKST OG UNDERVISNING

- gratis skulefrukost kvar dag
- styrkja arbeidet mot utanforskap og mobbing
- oppretthalda og styrkja barnehage- og skulestruktur
- å sikra ressursar til god fagleg kvalitet og kompetanseheving
- behalda dei fylkeskommunale vidaregåande skulane
- auka fysisk aktivitet i skulen
- mjuk overgang frå barnehage til skule
- stimulera til leik, trivsel og utforsking med naturen som klasserom

## KULTUR, IDRETT OG FRITID

- å gjeva stønad til gode kultur- og idrettsarenaer
- utvikla den "kulturelle skulesekken" med kultur og historie frå heile kommunen vår
- styrkja kulturskulen slik at alle får tilbod
- å gjeva stønad til tiltak som aktiviserer stillesittande ungdom
- å gjeva stønad til idrettsskular som tilbyr allsidig barneidrett
- verta Noregs største nynorskkommune
- utarbeida kulturminneplan
- ta vare på Fjellheim som samfunnshus

## UNG I BJØRNAFJORDEN

- etablera møteplassar for ungdom
- å støtta gode initiativ som kjem frå ungdomsrådet
- styrkja lågterskel tverrfaglege tenester for ungdom som slit
- ungdomsbustader og arbeidsplassar for ungdom
- støtta initiativ for å få ungdom som ikkje kjem seg ut i arbeidslivet, inn i arbeid
- å vidareføra prosjektet med ungdomsrute Os - Hatvik
- «Trygt heim for ein 50-lapp»
- tilby kommunale lærlingplassar

## TEKNOLOGI

- «digitale sandkassar» i samarbeid med andre kommunar for smidig testing av ny teknologi
- mindre byråkrati ved å ta i bruk maskinlæring, tingenes internett og andre framtidretta løysingar

## KYRKJA

- å oppretthalda vedlikehald og tenestetilbod i alle kyrkjene
- ei open og inkluderande folkekyrkje
- styrkja samarbeidet mellom kommunen, kyrkja og frivillige organisasjonar

## ØKONOMI

- berekraftig investeringsstrategi
- å oppretthalda eit godt, desentralisert tenestetilbod
- å fjerna eigedomsskatt i heile kommunen

### 1. kandidat

## Harald Lekven

62 år / Pensjonist / Indre Thuen

Eg er særleg oppteken av at dei som bur i den einskilde grend sjølv skal ha påverknad på kva utvikling dei ynskjer. Primærnæringane sine kår må ikkje gjerast ringare.



**BJØRNAFJORDEN SENTERPARTI**  
2019 - 2023

### 2. kandidat

## Mikal Leigland

58 år / Byggmeister / Strandvik

Eg vil arbeide for indre kyststamveg, skulefrukost for betre læring, tilpassa eldreomsorg etter behov, gode bumiljø, skular og barnehagar i bygdene og kommunal stønad til frivillige organisasjonar.



### 3. kandidat

## Herborg Irene Borgen Nordtveit

55 år / Kontormedarbeidar / Baldersheim

Eg er opptatt av tenester nær folk, gode bu- og arbeidsplasser i distriktet, trygge VTA-plasser, skulemåltid, indre kyststamveg, tunnel Sævareid - Eikelandsosen og hurtigbåt Nordtveit - Os.



### 4. kandidat

## Terje Sperrevik

56 år / Lensmann / Osøyro

Eg vil arbeide for eit ope og levande lokaldemokrati, der kvar einskild har reell medverknad og kan ytra seg. Fremja naturen, estetikken og innbyggjarane sine interesser i utbyggingssaker.



### 5. kandidat

## Hege Aase Tysnes

41 år / Bonde / Hålandsdalen

Eg er opptatt av eit sterkt jordvern der jordbruksareal skal nyttast til matproduksjon, gode helse- og omsorgstenester nær folk i heile kommunen og gratis skulefrukost.



## 6. kandidat

### Henrik Tronerud

35 år / Maskinist / Søre Neset

Mine kjernesaker er tryggleik og trivsel for born og ungdom i oppveksten, bevaring og utvikling av arbeidsplassar i distrikta og berekraftig utvikling med gjennomtenkte planar bak.



## 7. kandidat

### Peter-Hans de Zwarte

28 år / Energimontør / Strandvik

Eg brenn for ein framtidsretta klimanøytral kommune. Me skal bruke teknologi for å få gode tenester og innsparingar. Ein kommune der ungdom trivst, med spanande jobbar og gode nærmiljø.



## 8. kandidat

### Helge Andersen

42 år / Kaptein / Hjelle

Mine kampsaker er realisering av indre kyststamveg og Hordalandsdiagonalen, tunnell mellom Eikelandssosen og Sævareid og snøggbåtsamband mellom Nordtveitgrend og Osøyro.



## 9. kandidat

### Dina-Helen Lervåg

43 år / Søre Neset

Eg vil jobbe for å leggja best mogleg til rette for born og unge i Bjørnafjorden. Arbeide for ei berekraftig planlegging, bruke matjorda til matproduksjon og ha eit aktivt kulturlandskap.



## 10. kandidat

### Tone Marit Eliassen Lemicka

56 år / Lærer / Os

Eg ynskjer å sikra ressursar til god fagleg kvalitet i skulen. Me må ta vare på små og store gardar i landet for matsikkerheit og eit flott kulturlandskapet. Eg er i mot sentralisering og privatisering.



<b>1) Harald Lekven</b>	<b>1957</b>	<b>Nore Neset</b>
<b>2) Mikal Leigland</b>	<b>1961</b>	<b>Strandvik</b>
3) Herborg Irene Borgen Nordtveit	1964	Baldersheim
4) Terje Sperrevik	1962	Os
5) Hege Aase Tysnes	1977	Hålandsdalen
6) Henrik Tronerud	1984	Søre Neset
7) Peter-Hans de Zwarte	1991	Strandvik
8) Helge Andersen	1977	Os
9) Dina-Helen Lervåg	1976	Søre Neset
10) Tone Marit Eliassen Lemicka	1963	Os
11) Kjell Eivind Havsgård	1962	Eikelandsosen
12) Lars Ivar Søvik	1976	Lysekloster
13) Maj-Britt Kolle	1973	Holmefjord
14) Jostein Gaassand	1956	Søfteland
15) John Erik Foer	1967	Fusa
16) Hans Tore Eide	1971	Hegglandsdalen
17) Sissel Berge	1962	Eikelandsosen
18) Jørgen Frønsdal	1950	Lysekloster
19) Atle Næss	1962	Bogøy
20) Bjarte Helle	1971	Søre Neset
21) Astrid Kolle	1955	Holmefjord
22) Sjur Nikolai Skorpen Lepsøy	2000	Lepsøy
23) Torkjell Mikkelsen	1961	Fusa
24) Nils Ole Lekven	1964	Søre Neset
25) André Bjørndal	1971	Hålandsdalen
26) Morten Solstrand	1975	Os
27) Aleksander Næss	1992	Bogøy
28) Susann Åsgård	1984	Lysekloster
29) Gitle Berland	1974	Hålandsdalen
30) Harald Eide	1954	Hegglandsdalen
31) Laila Beate Stabell	1948	Fusa
32) Karen Marit Dyrdal	1946	Søre Neset
33) Daniel Aase Tysnes	1998	Hålandsdalen
34) Tonje Midttun	1982	Nore Neset
35) Tone Andreassen Vik	1970	Strandvik
36) Margrethe Holmboe Askeland	1952	Os
37) Agnes Cecilie Aase Tysnes	2001	Hålandsdalen
38) Rune Lekven	1964	Nore Neset
39) Hanne Tuft	1977	Strandvik
40) Helge Bøe	1964	Os
41) Liv Sissel Kvalvaag	1946	Søre Øyane





[bjornafjordensp @](#)

